



## Referat møte i Team Hardanger (TH)

Onsdag 17.04.2024, Digitalt

Møtte:

Mona Hellesnes, Ulvik herad - leiar  
Jan Tjosås, Kvam herad  
Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune  
Linda V.M. Præstiin, Eidfjord kommune  
Randi Rykkje, Ullensvang kommune  
Sveinung Føllesdal, Næringshagen i Ullensvang  
Karianne Finne, Voss herad  
Sofie Torlei Olsen, Hardanger og Voss Næringshage

Adm.:

Trude Rinaldo, Hardangerrådet iks

Ikkje møtt:

Andreas Skogseth, Visit Hardangerfjord

### Sakliste

#### 1. Status Rekruttering

Status frå Sveinung Føllesdal, Næringshagen i Ullensvang om prosjektet Rapport frå Kick off i Ulvik 08.03.24 vert sendt ut.

#### Presentasjon av Utdanningsprosjektet v/ Sofie Torlei Olsen, Hardanger og Voss Næringshage

Heiter no: **HVK studiesenter** og du finn det på [distriktsutdanning.no](http://distriktsutdanning.no) og er eit av 4 studiesenter i Vestland. (Dei andre er: Studiesenter Kysten; Sogn kunnskap; StudieHub - Nordfjord Studiesenter) For HVK er målet ei "studentstove" i kvar kommune, som alle studentar kan bruka. Dette er finansiert for 2024, som eit spleiselag mellom kommune, fylke og stat. Staten satsar på studiesenter i distrikta, men det må også lokal finansiering på plass. TH ber dei sende ut informasjon til alle om kva tilbod som no er i regionen vår, og kva moglegheiter dette kan bringa. Ber også om ei kortare skriftleg orientering, som kan sendast ut i eit nyheitsbrev frå kommunane m fl.

#### 2. Bulyst i kommunane som eit delprosjekt i rekrutteringsprosjektet. Korleis arbeider ein med dette i kvar kommune idag?

Korleis jobbar ein i kommunane med dette idag, og er det noko me kan samarbeide om? Kommunane står mykje i det same, sjølv om dei er forskjellige i struktur; innbyggjarar og forutsetningar.

Status frå kvar kommune: Leiar og administrasjon lagar eit forslag i notatform til vidare arbeid, utifrå tilbakemeldingar gitt i møtet.

### **3. Status frå kvar kommune, næringshagane og Hardangerrådet**

**Hardangerrådet Kultur/ungdom/ny utlysing til sommaren,**

#### **Eidfjord:**

Todelt vinter og sommar. Nå er alt på veg opp. Har omstrukturert reiselivet. Er igang med planlegging av det store arrangementet Landskappleik 2025.

#### **Ullensvang:**

Forventar tildeling av Næringsfondet i juni.

Hardanger Hydrogen Hub går seint framover, men det har stort potensial.

Minner om [Norsk Hydrogensymposium 23.-24.05.24 i Tyssedal](#)

Turistane er allereie å sjå i gatene, og er kanskje tidlegare enn i fjar.

Utfordring ein ser, som ikkje vert betre er utfordringane handel/butikkane har i sentrum. Kva må til for at dei skal overleva i dagens samfunn? Det er vanskelig å utvikla sentrum og handel, når ein held fast på det ein kjener.

#### **Kvam:**

Også uroleg for sentrum og butikkdød. Sentrum vert stille når ein ikkje har handel.

Kjekt å sjå på den nye vgs skulen som veks dag for dag.

Thon hotel har pussa opp sitt siste bygg i Norheimsund.

Lid Jarnindustri går så det susar og er ferdig med sitt nybygg.

Fjellstrand er bemanna opp igjen.

Kommunen har vedtak om å byggja Fosse senter på den gamle skulen i Strandebarm.

Det er også mange andre prosjekt som veks fram på Fosse og i Strandebarm.

#### **Voss:**

Arbeider for å få meir aktivitet og kraft i midtveke og skuldersesong. Me må jobba med produktutvikling og ta den rolla på alvor.

Arbeider saman med fylket i "Besøksforvaltningsprosjektet, som Hardanger.

Vil arbeida meir strategisk med landbruket - korleis kan me sikra landbruksbygda

Voss biopark og Sirkulære Voss er viktige. Dei krev mykje arbeid, men er framtida.

Har eit konkret prosjekt med å testa ut felles uteservering i sentrum, og må i den samanheng ta vekk nokre parkeringsplassar.

Dei er utviklarar og set i gang mange prosjekt, med mål at andre skal ta dei vidare.

#### **Ulvik:**

Omstillingssprosjektet Eidfjord /Ulvik er godt igang. Har fokus forlenga sesong vår/haust, men det er arbeidsplassar som er måleparameter i prosjektet. Mål er å behalda alle plassane, og helst auka. Målet er også varige strukturar.

Dei har rigga "Book Hardanger" for heile Hardanger med produktutvikling som svært viktig oppgåve.

Ellers er bustadprosjekt særskilt viktig.

Holmen Kulturpark er eit opplevelsessenter i utvikling for landbruk, mat og reiseliv.

Det er også formidlingscenter for Katarina Kølle.

Studiestaden Hjeltnes har utvikla mange nye og aktuelle studier. Det nyaste er

Pommelierutdanninga, faktisk einaste på dette nivået i Verda. Her var det stor søknad, men

den kan ellers variera på fleire av studia. Oppmodar TH og alle om drahjelp for å fortelja om tilboda på Hjeltnes.

### **Næringshagen i Ullensvang**

Arbeider med rekrutteringsprosjektet m.m.

### **Hardanger og Voss næringshage**

Sigmund tilbake i 50% som dagleg leiar

Har oppretta eit eige forum: [Bygg, anlegg og eigedomsforum](#)

Her kunne ein ha samla fleire aktørar frå heile regionen.

Alle har dei same problemstillingane - kunne ein samla fleire på same stad?

Stå saman for å sjå på moglegheiter og utfordringar?

Vedrørande utflytta studentar, bør næringshagane jobba saman for å utvikla felles Alumni.

Har etablert eit [Bioforum](#) - samling for bøndene.

*Kommentar:* Trur det er stor moglegheit for å laga ein dagskonferanse der ein set saman fleire kunnskapsgrupper - det er potensiale i å gjera grep saman.

Dette kunne Næringshagen lett "programmert."

Alle kommunane har hatt sak om såkornfondet. Dette er også eit viktig bidrag til utvikling av næringslivet i vår region.

#### **4. Innmeldte saker**

I kompetanseforum 24.04.24 skal ein drøfta to saker:

- 1. Innspel dimensjonering av utdanningstilbodet 2024/2025**
- 2. Høyringsuttale til "[Høyringsforslag til heilskapleg tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune 2025-2035](#)"** Høyringsfrist er 20. mai.

Her vil Kompetanseforum be om støtte til sin uttale frå TH. Det kan me få til digitalt.

Referent Trude Rinaldo